


Påskepynta bygd.

22.03.2015



Dette blir vakkert!

Det er berre ei veke til Palmesøndag, og derfor er det svært kjekt å registrera at bygda er pynta til påsken kjem med ferie og høgtid. Det er også eit teikn på at den kjærkomne våren er i rask anmarsj.

I krukkenene som er plassert rundt i bygda, er det planta med påskeliljer omkransa med andre vårblomar i vakre fargar. Når påskeliljene sprett ut fram mot påske, vil dette verkeleg pynta opp der dei er plassert ved Skulebru, ved busskuret nedan Halsane og ved busskuret i Korsnes.

Det er Gunn Mari Moberg i Uskedal utvikling som har gjort denne viktige jobben som gjer at bygda vår vert presentert på ein endå betre måte.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.